



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4816 - 22/84108

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
03.11.2022

## Søknad om dispensasjon til utfale - gbnr 424/284 Bø

Tiltak: Søknad om dispensasjon og arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr 424/111 og 284  
Tiltakshavar: Arvid Ståle Pettersen

Saka gjeld søknad om arealoverføring av omlag 660m<sup>2</sup> frå gbnr 424/284 til gbnr 424/111, omlag 35m<sup>2</sup> frå gbnr 424/283 til gbnr 424/111 og omlag 145m<sup>2</sup> frå gbnr 424/111 til gbnr 424/283. Eigedomen gbnr 424/111 er ein fritidseigedom medan gbnr 424/283,284 er felleseige for dei ulike fritidseigedomane i hyttefeltet på Norbø.

Gbnr 424/111 har eit registrert areal på 3092,8m<sup>2</sup> i matrikkelen. Eigedomen fekk tilleggsareal på 652m<sup>2</sup> i 1998.

Arealet frå bnr. 284 ligg nedanfor bratt skrent/ skråning og omlag på same nivå som fritidsbustaden. På Arealet som vert søkt overført frå bnr.111 til bnr.283 går det sti til felles brygge for hytteeigedomane i feltet. På arealet som vert søkt overført frå bnr. 283 har eigar av bnr.111 bygd brygge og kaiskur.


Alle eigarane av fellesareala har skrive under på rekvisisjon av oppmålingsforretning/ samtykka til tiltaket.

Det vert elles vist til søknad om arealoverføring og dispensasjon motteken 13.06.2022. Og tilleggsopplysningar motteke 03.10.2022.

### Planstatus

Arealet ligg innanfor regulert område sett av til fellesareal- friluftareal i reguleringsplan Bø-Del av gnr.24/ bnr2 og 8, planid 12601996000600. Deler av arealet ligg og innanfor byggje- og deleforbodet i strandsona.


Reguleringsplanen vert supplert av generell føresegn i kommunedelplan for Radøy- punkt 4.12.



Situasjonsplan.



3D kart. Sett mot nordvest.



Utsnitt av reguleringsplanen



Oversiktskart

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med venleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Endringar - gbnr 424/284 Bø

Alver kommune\_sak 22-4816\_22-69168

Kart

Søknad om dispensasjon fra reguleringsplan- overføring av areal - gbnr 424/284 og 424/111 Bø

**Kopi til:**

Arvid Ståle Pettersen

Spondalen 59

5121

ULSET

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER